

Møteprotokoll

Utval:	Fylkestinget
Møtestad:	Quality Hotel Sogndal
Dato:	29.09.2021 30.09.2021
Tid:	Onsdag 29.09: 09:00-17:05 Torsdag 30.09: 09:00-12:15

Onsdag 29.09.21
Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer	
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	Permisjon frå kl. 13:00
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsens	Medlem	UA	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	UA	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Tor André Ljosland	Medlem	KRF	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømme	Medlem	MDG	

Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	SP	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Sigrd Brattabø Handegard	Medlem	SP	
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Lars Fjeldstad	Medlem	SP	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Alfred Bjørlo	Medlem	V	Permisjon frå kl. 13:00
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ruth Linda Merethe Monsen	Medlem	A
Merkesdal		
Emil Gadolin	Medlem	A
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Jenny Følling	Medlem	SP
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
June Knudsen Indrevik	Medlem	H
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Eirik Haga	Ruth Linda Monsen	A
	Merkesdal	
Katrine Johannessen	Emil Gadolin	A
Johannes Myklebust Bysheim	Torbjørn Vereide	A
(frå kl. 13:00)		
Erlend Haugen Herstad	Sigurd Erlend Reksnes	SP
Samson Hamre	Jenny Følling	SP
Agnes Hoshovde Bernes	Alfred Bjørlo	V
(frå kl. 13:00)		
Leif Bjarne Fjellro	Odd Erik Lind	UA
Gustav Bahun	Sigbjørn Framnes	FRP
Hogne Bleie	Bjarte Vatnøy	FRP
Christer Lilleskare Olsen	June Knudsen Indrevik	H
Iril Schau Johansen	Jana Midelfart Hoff	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkeskommunedirektør
Ingrid Holm Svendsen	Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Avdelingsdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjever politisk sekretariat/møtesekretær

Torsdag 30.09.21

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A
Senea Sabanovic	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Katrine Johannessen	Medlem	A
Eirik Haga	Medlem	A
Trym Helge Aafloy	Medlem	UA
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	UA
Nils Haugland	Medlem	FNB
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Lise-May Sæle	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Mark Taylor	Medlem	MDG
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Mona Høgli	Medlem	MDG
Øyvind Strømnen	Medlem	MDG
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Terje Kollbotn	Medlem	R
Jon Askeland	Medlem	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Jenny Følling	Medlem	SP
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Lars Fjeldstad	Medlem	SP
Marthe Hammer	Medlem	SV
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Agnes Hoshovde Bernes	Medlem	V

Permisjon frå kl. 12:00

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Medlem	A
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Odd Erik Lind	Medlem	FNB
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
June Knudsen Indrevik	Medlem	H
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Johannes Myklebust Bysheim	Emil Gadolin	A
Erlend Haugen Herstad (frå kl. 12:00)	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP
Samson Hamre	Sigurd Erlend Reksnes	SP
Leif Bjarne Fjellro	Odd Erik Lind	UA
Gustav Bahus	Sigbjørn Framnes	FRP
Anita Garlid Johannessen	Bjarte Vatnøy	FRP
Christer Lilleskare Olsen	June Knudsen Indrevik	H
Iiril Schau Johansen	Jana Midelfart Hoff	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkeskommunedirektør
Ingrid Holm Svendsen	Avdelingsdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Avdelingsdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Avdelingsdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste	Innhald	Arkiv-saksnr	U.Off
Utvals-Saksnr			
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 16.-17.06.2021	2019/65	
	Referatsaker		
RS 19/21	Endringer i plan- og bygningsloven - regional plan, dispensasjon m.m.	2020/46934	
RS 20/21	Vedtatte reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen	2020/58872	
RS 21/21	Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021	2021/26593	
RS 22/21	Resultat frå brukarundersøking blant dei folkevalde	2021/45429	
RS 23/21	Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 02.09.2021	2021/6002	
RS 24/21	Samla møteplan for folkevalde organ i 2022	2021/19733	
	Skriftlege spørsmål		
SI 20/21	Interpellasjon frå Pombe (SV) - Beredskapsplan ved anløp av atomdrevne ubåter	2019/157	
SI 21/21	Interpellasjon frå Syversen (R) - Stopp utflagginga	2019/157	
SI 22/21	Interpellasjon frå Kollbotn (R) - Stopp nedbemanningsprosessen i BKK Produksjon/EVINY - Sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet	2019/157	
SI 23/21	Spørsmål frå Stormoen (FrP) - Morgenavgang med Bybanen til Bergen Lufthavn, Flesland	2019/157	
SI 24/21	Spørsmål frå Tomren (MDG) - Varslingsrutinar på vidaregåande skular	2019/157	
SI 25/21	Spørsmål frå Kollbotn (R) - om Storebrand som pensjonsleverandør	2019/157	
SI 26/21	Spørsmål frå Kollbotn (R) - om varslingsinstituttet i fylket	2019/157	
SI 27/21	Spørsmål frå Syversen (R) - innvandrere og minoritetsspråklige sin rett	2019/157	
	Politiske saker		
PS 81/21	Tertialrapport pr. august 2021 - rekneskapsprognose	2021/39100	
PS 82/21	Finansrapport 2. tertial 2021	2021/18430	
PS 83/21	Godkjenning av prosjektrekneskap	2021/27679	
PS 84/21	Endring av forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Vestland fylke	2020/71719	
PS 85/21	Miljøløftet si årsmelding 2020	2021/28011	
PS 86/21	Fylkeskommunen si oppdragsgjeverrolle ovanfor SIVA	2021/26559	
PS 87/21	Seriøsitetsskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak	2021/19094	
PS 88/21	Avtalar etter justeringsmodellen	2021/19462	
PS 89/21	Gang- og sykkelvegprosjektet fv. 614 Breivika - Svelgen, auka kostnadsoverslag	2020/37557	
PS 90/21	Revidert Bømlopakke - Presisering av vedtak	2020/49137	
PS 91/21	Forlenging av Askøypakken	2020/71396	
PS 92/21	E-sport i Vestland fylke. Status på område, kunnskapsgrunnlag og strategi for arbeidet.	2020/187	
PS 93/21	Nytt namn fagskulen i Vestland	2021/45030	
PS 94/21	Avtale knytt til punkt 8 i Angeravtalen	2021/4428	
PS 95/21	Nye Kvam vgs - Romprogram og sambruk med Kvam herad	2020/62095	
PS 96/21	Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021	2020/37052	
PS 97/21	Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo	2019/11	
PS 98/21	Søknad om fritak for verv - Torbjørn Vereide	2019/11	
PS 99/21	Søknad om fritak for verv - Linda Merkesdal	2019/11	
PS 100/21	Nominering av ny varamedlem til styret i TH Eigedom AS	2019/11	
PS 101/21	Oppnemning av representantar til brukarutvalet på HDS	2020/77154	

PS 102/21	Varig fritak frå verv som styremedlem i stiftinga Vestnorsk kulturakademi. Val av nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk kulturakademi	2019/11
PS 103/21	Utpeiking av kandidat til styret i organisasjonen Geopark Sunnhordland	2019/11
PS 104/21	Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Festspillene i Bergen	2019/11
PS 105/21	Ingen skal måtte fryse	
PS 106/21	Tittel på administrativ leiar	
PS 107/21	Stopp utflagginga	
PS 108/21	Stopp nedbemanningsprosessen i BKK Produksjon/EVINY - Sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet	

Godkjenningssaker

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkestinget 16.-17.06.2021

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Møteprotokoll frå møte 16.-17. juni vart godkjent med merknaden i saksframlegget.

GK 5/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Det vart røysta over om følgjande saker og interpellasjonar skulle på saklista:

Tittel	Forslagsstillar	Avrøysting	Saksnummer
Fråsegn: Ingen skal måtte fryse	Marthe Hammer (SV)	Samrøystes	PS 105/21
Fråsegn: Støtte til kulturarbeidarane sin kamp for likestilt pensjon	Terje Kollbotn (R)	For: 30 Mot: 35	Ikkje satt på sakskartet.
Tittel på administrativ leiar	Anne Gine Hestetun (A)	Samrøystes	PS 106/21
Interpellasjonar	Forslagsstillar	Avrøysting	Saksnummer
Beredskapsplan ved anløp av atomdrevne ubåter	Symphorien Pombe (SV)	For: 23 Mot: 42	Ikkje satt på sakskartet
Stopp utflagginga	Jeanette Syversen (R)	For: 64 Mot: 1	PS 107/21
Stopp nedbemanningsprosessen i BKK Produksjon/EVINY - Sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet	Terje Kollbotn (R)	For: 45 Mot: 20	PS 108/21

Med sak PS 105/21 til PS 108/21 vart saklista godkjent.

Referatsaker

RS 19/21 Endringer i plan- og bygningsloven - regional plan, dispensasjon m.m.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

RS 20/21 Vedtatte reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

RS 21/21 Årsmelding frå mobbeombodet for skuleåret 2020 - 2021

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

RS 22/21 Resultat frå brukarundersøking blant dei folkevalde

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

RS 23/21 Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 02.09.2021

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

RS 24/21 Samla møteplan for folkevalde organ i 2022

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 20/21 Interpellasjon frå Pombe (SV) - Beredskapsplan ved anløp av atomdrevne ubåter

Interpellasjon frå Symphorien Pombe (SV)

I Strålevernrapport 2018:10 står det at anløp av allierte reaktordrevne fartøy til Norge har gått fra 10-15 anløp i året til 30-40 anløp.

«Disse anløpene har for det meste vært til Haakonssvern men i økende grad nå også i farvann i Nord-Norge».

Økningen i anløpene gjør sjansen større for at Norge kan bli berørt av en større eller mindre hendelse i et reaktordrevet fartøy. For eksempel grunnstøting, kollisjon, lekkasje, brann og alvorlig reaktorhavari. Det vil være en katastrofe ikke bare for Bergen, men for kysten, for havet og for hele området om vi fikk en atomulykke på Haakonssvern.

Vestlandskystens kontroll og sikkerhet med marinebasen Haakonssvern i Bergen må styrkes og ivaretas.

Det sies at i dag får statsforvalteren en uke før ankomst av ubåt, og det kan synes som at det er hele beredskapen.

Det er vanskelig å vite for anløp og beredskap er innhyllet av hemmelighet av sikkerhetsmessige hensyn. Det gjør at kystbefolkningen er uvitende og uforberedt på det som kan komme. Til sammenligning så nekter land som Nederland ubåt fra USA, mens Canada har beredskap med ekstrem kompetanse.

Spørsmål til fylkesordføreren:

I hvor stor grad er fylkesordføreren og fylkeskommunen som regional utviklingsaktør, kjent med og involvert i beredskapsplaner og planar i forbindelse med anløp av atomdrevne ubåter i vårt fylke. Tillit til styresmakter er avgjerande i sikkerhetspolitikken. Vil fylkesordføreren være med å jobbe for større åpenhet omkring anløp av atomubåter i vårt fylke.

Forslag til vedtak:

1. Fylkesordføreren og Vestland fylkeskommune krever at befolkningen blir varslet når atomubåtar har landligge på Haakonssvern.
2. Styresmaktene må krevje svar på om ubåtar i våre farvann har atomvåpen om bord.
3. Om INF avtala ikkje vert fornya, bør Vestland fylke be regjeringa om å stogge anløp av fartøy i vår region som kan bere atomvåpen.

Svar frå fylkesordføreren:

Fylkeskommunen har ikkje ansvar i forsvarsspørsmål, og vert ikkje informert om anløp av atomfartøy til fylket.

Det er Statsforvaltaren i Vestland som arbeider med planverket knytt til beredskap i samarbeid med blant andre Forsvaret og Sivilforsvaret.

Dersom det oppstår ei beredskapshending, vil fylkeskommunen ta del i Statsforvaltaren sitt beredskapsarbeid.

SI 21/21 Interpellasjon frå Syversen (R) - Stopp utflagginga

Interpellasjon frå Jeanette Syversen (R)

Stopp utflagginga av offentlege oppdrag

NRK avdekka i sumar at «Skulebas» var eit av i alt 14 skip, i offentlege anbod som no har gått til utanlandske verft. Dette er første fylkestinget etter sumaren og stortingsvalet. Med ny regjering er det er duka for ny politisk kurs i Norge. Raudt vil motverke at offentlege oppdrag blir sendt ut av landet.

«Skulebas» er eit opplæringsfartøy vi i Vestland fylkesting har vore tverrpolitisk samde om å investere i, men det er ikkje semje om å flagge ut. Eit slikt byggeoppdrag kan gje ringverknader, m.a. skatte- og avgiftsinntekter til det offentlege. I dette tilfellet er det eine norske verftet, Stadyard, til og med på same øya som den skulen som skal bruke båten. Elevane kunne fått høve til å følgje bygginga. Raudt skreiv difor eit ope brev til fylkesordføraren 16.juli 2021, for å be han om å kalle inn til hastemøte i fylkesutvalet for å stoppe denne utflagginga, noko han avviste.

Fylkesordførar leiar ein koalisjon her vest, som har gått i bresjen for å sikre læreplassar i fylkeskommunal regi og skjerpe seriøsitetskrava. Kor mange læreplassar verftet i Danmark stiller til disposisjon er hittil ukjent. Fylkesordføraren sin leiar skal no forhandle om regjeringsmakt med AP, og SV. Då er det grunn til å anta at nasjonal råderett og suverenitet, fagarbeidarutdanninga, faste trygge jobbar i distrikta, og det grøne skiftet vil stå høgt på agendaen. Ein kjem ikkje til å finne robuste løysingar på dette, utan å ta stilling til elefanten i rommet.

Det er på tide å vise vilje til å utfordre handlingsrommet i EØS avtala, seie opp abonnementet på høgrepolitikk, og bli herre i eiga hus. Etter koronapandemien sine konsekvensar, treng folk arbeid i lokalsamfunna. Då må vi vekte samfunnsnytte framfor kortsiktige innsparingar i anboda våre! Det er ein skandale korleis kompetanse blir bygga ned, slik vi har sett i verftsindustrien, der vi no må til Aust-Europa for å få bygga skrog, stikk i strid med norske interesser.

Kva kostar det oss å sende oppdrag ut av landet, i tapt kompetanse, skatt og ikkje minst utslepp? Det grøne skiftet her heime, inneber å satse på yrkesfaga, skape arbeidsplassar, læreplassar, og skatteinntekter ved å stimulere til lokal aktivitet! Det må bli nulltoleranse for subsidieeksport, så ikkje midlar frå Enova hamnar på spanske skipsverft i staden for verfta på Stord eller andre plassar i landet. Vi må kunne begå demokrati, gjennom fleirtalsvedtak om reglement for offentlege innkjøp og oppdrag utan at det skal opp til handsaming i EFTA domstolen. Eit seriøst og klimavennleg arbeidsliv er avhengig av ein offentleg sektor som ikkje bare står for subsidier. Det offentlege må stille krav til bruk av seriøse aktørar med landsdekkjande tariffavtalar og lærlingplassar. Det kan skape enorme samfunnsmessige vinningar for heile landet.

Spørsmål til fylkesordførar Jon Askeland:

1. Er Fylkesordførar samd med at «Skulebas» skal byggjast i Danmark, heller enn i Måløy, der ein leverandør var klar til å byggje skipet med 10 millionar i margin?
2. Har fylkesordførar tal på kva «Skulebas» kunne ha skapt av samfunnsøkonomiske vinningar om ein vekta andre kriteria enn pris?
3. Kan fylkesordførar seie med handa på hjartet at han vil gjere alt i si makt for å endre på rammene som ligg i anboda som fylkeskommunen lyser ut, slik at samfunnsnytte blir vekta tyngre?

Forslag til vedtak:

Fylkestinget i Vestland vil vekte å prioritere samfunnsøkonomiske omsyn i offentlege anbod og anskaffingar, slik at Vestland fylkeskommune kan operere som ein positiv og mektig samfunnsnyttig aktør, for lokalsamfunna ute i distrikta våre. Dette skal også være ein del av Vestland Fylkeskommune sin kommunikasjonsstrategi ut mot næringsaktørar og entreprenørar.»

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1

Fylkesordføraren er samd i at det hadde vore hyggeleg om det lokale verftet i Måløy hadde vunne konkurransen, men det var knapt 17 millionar kroner dyrare enn leverandøren som vant anbodet. Også det norske verftet ville bygd skroget utanlands. Fylkesordføraren meiner at fylkeskommunen må fylgja dei lover og forskrifter som til ei kvar tid gjeld og at det derfor ikkje var mogleg å lyse ut denne konkurransen berre i Noreg. Dette vart grundig belyst i siste politikardag.

Spørsmål 2

I konkurransen var pris vekta med 45%, slik at tildelingskriteria design, kvalitet på utstyr og gjennomføringsevne samla var viktigare. Konkurransen knytt til Skulebas har tidlegare blitt avlyst då dei innkomne tilboda var langt over budsjettet. Arbeidet med å få ned kostnadene har derfor vore avgjerande for gjennomføringa av prosjektet. Dei samfunnsmessige vinningane av lokal industri vil nok ikkje vere mogleg å måle på eit enkelt prosjekt, men generelle vurderingar knytt til industriarbeidsplassar kan nyttast.

Spørsmål 3

Fylkesordførar deler interpellanten sitt ynskje om at fylkeskommunen sin aktivitet i størst mogleg monn kjem innbyggjarane og samfunnet til nytte.

Me vil gjera det me kan for å utnytta handlingsrommet innan Lov om offentlege anskaffingar og EØS-avtalen. Pris er også ein del av samfunnsnytta.

SI 22/21 Interpellasjon frå Kollbotn (R) - Stopp nedbemanningsprosessen i BKK Produksjon/EVINY - Sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet

Interpellasjon frå Terje Kollbotn (R)

Stopp nedbemanningsprosessen i BKK produksjon / EVINY - sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet!

Kraftselskapet BKK feira hundre stolte år som offentlig kraftselskap i 2020. 15.september 2021 vart det meldt at BKK Produksjon skal skifte namn til EVINY. Dagen etter vedtok styret i BKK Produksjon eit forslag frå konsernleiinga i BKK om verksemdoverdraging (outsourcing) av byggjeseksjonen i BKK til Spilde Entreprenør på Voss. Vedtaket vart gjort mot røystene frå dei tilsette sine representantar.

Dette kan i første omgang omfatte 22 dyktige BKK-tilsette som jobbar, bur og skattar i Vaksdal, Modalen, Masfjorden, Voss og Samnanger kommunar. Dei syter i dag for at BKK sine kraftanlegg bygd opp gjennom generasjonar, blir halde godt ved like og rusta opp. I neste omgang vil tilsette innan drift og vedlikehald (mekaniske fag, elektrofag, lager og transport) kunne bli råka av den nye BKK-strategien. Både reinhald, kantinedrift og vaktmestertjenester er alt skilt ut.

Det er ingen fornuftige og saklege samfunnsmessige grunnar til å godta at det heileigde offentlege kraftselskapet BKK no freistar å skalta og valta med eigne arbeidsfolk til fordel for utanforståande selskap som skal overta arbeidet og bli hyra inn på kontraktar!

Spørsmål i Vestland fylkesting til fylkesordføraren:

1. Er fylkesordføraren samd med interpellanten sine vurderingar om at vedtaket om utskiljing av byggjeseksjonen i BKK Produksjon bryt med kraftselskapet BKK sin hundreårige historie og tradisjon med å halde oppe og utvikle den faglege kompetansen i eigen regi?
2. Deler fylkesordføraren interpellanten sitt syn om at BKK bør halde fram med å nytte eigne tilsette i lokalsamfunna, og at dette på betre vis vil sikra vidareutvikling av fagleg og stabil kompetanse og beredskap, samt garantere for lærlingar i dei aktuelle faga?
3. Er fylkesordføraren samd i at styrevedtaket om utskiljing ikkje er forenleg med BKK sine eigne statuttar om at konsernet «skal bidra til en positiv samfunnsutvikling generelt og i de lokalsamfunn som er berørt av vår virksomhet spesielt»?

4. Er fylkesordføraren samd i at vedtaket om utskiljing bør gjerast om, slik dei tilsette sine organisasjonar ber om - og kva vil i so fall fylkesordføraren gjere for å medverke til dette?

Framlegg til vedtak:

Vestland fylkesting beklagar at fleirtalet i styret i BKK Produksjon har vedtatt å skilje ut byggjeseksjonen i kraftselskapet BKK. Fylkestinget vil oppmode fylkesordføraren og Vestland fylke sin styrerepresentant i konsernstyret i BKK om å medverke til å få oppheva dette vedtaket.

Utfyllande grunngjeving for interpellasjonen:

Alle fagavdelingane i BKK Produksjon jobbar i dag tett saman på tvers av faggrupper for å sikre effektiv og god organisering av arbeidet heile året, med gode interne HMS- rutinar og eit godt felles arbeidsmiljø. Dei forvaltar lokalkunnskap og spesialkunnskap som det har tatt mange år å byggje opp. Ved innleige på større oppdrag (nybyggjing og revisjonar) er eigne fagarbeidarar og ingeniørar i BKK, som kjenner anlegga inn og ut, ein viktig føresetnad for gode resultat. 39 kraftverk i fjell eller i dagen (i både klasse 1, 2 og 3 etter beredskapsforskriften), nær hundre dammar, mange bekkeinntak, fleire hundre kilometer vassstunnellar og anleggsvegar og mange lukehus og beredskapshytter, er deira arbeidsområde i dag. I tillegg har BKK strenge konsesjonskrav til vassdrag, minstevassføring, fisk og ikkje minst beredskap og tryggleik for eigne folk, innleige og tredjeperson som skal bli ivaretatt året rundt. BKK sitt enorme samfunnsansvar dekkjer både optimalt drifts- og vedlikehaldsnivå og samfunnstryggleik. I staden for å byggje ned desse fagmiljøa, bør BKK Produksjon satse mykje meir på lærlingar i alle aktuelle fag og vidareføre både fagarbeidar- og ingeniørkompetansen i alle fagkategoriar i eigne rekkjer. Dette er det motsette av ein strategi med enno meir innleige av norsk og utanlandsk arbeidskraft. Erfaringane under coronapandemien har understreka kor sårbart og viktig dette området er å halde i eigen regi.

Både lokale tillitsvalde og andre tilsette i BKK, lokalpolitikarar i vertskommunar, som har gitt store naturverdiar til storsamfunnet, og mange andre har engasjert seg sterkt for å få stoppa dette uansvarlege og svært distriktsfiendtelege forslaget frå konsernleiinga i BKK - utan at dei har blitt tatt på alvor til no.

Vestland fylkeskommune er ein stor og viktig aktør i BKK, saman med Bergen kommune og mange andre kommunar, samt Statkraft som største aksjonær. Storparten av naturressursane, nedslagsfeltet og anlegga til BKK er i vertskommunar som Vaksdal, Masfjorden, Modalen og Samnanger, medan 0,25 % er i Bergen. BKK er eit heileigd offentleg selskap, med oppnemnde offentlege representantar i konsernstyret for å ivareta eit offentleg samfunnsansvar. Det gjeld og dei tilsette og lokalsamfunna i vertskommunane.

Dette forslaget bryt difor fullstendig med BKK sitt formål:

«BKK er en betydelig samfunnsaktør, og skal vise ansvarlighet i forhold til samfunnet som har gitt oss anledning til å forvalte ressursene. Konsernet skal bidra til en positiv samfunnsutvikling generelt og i de lokalsamfunn som er berørt av vår virksomhet spesielt»

BKK vart bygd opp gjennom kraftutbyggjing i fjella i indre strok mellom anna for å levere kraft til lokal industri, innbyggjarane og vertskommunane og til heile Bergensområdet. BKK, ikkje minst på Dale i Vaksdal og Matre i Masfjorden, har vore svært viktige arbeidsplassar både for BKK og for lokalsamfunna. Dei tilsette som no opplever å bli fullstendig overkøyrd av konsernleiinga, har unik og høg fagkompetanse og detaljkunnskap om alle anlegga, bygd opp gjennom fleire generasjonar. Det er dokumentert meir enn nok arbeid for eigne fast tilsette innan drift og vedlikehald heile året i all framtid, i staden for at meir og meir basert på innleige. Både utifrå tryggjings- og beredskapsomsyn, samfunnskritisk infrastruktur og samfunnsøkonomiske og strategiske vurderingar vil dette vere mest fornuftig. BKK skryt av at dei har som mål å bli det grønaste kraftselskapet i landet. Då bør dei starte med i større grad å nytte kortreist lokal arbeidskraft i eigne rekkjer og klimavenlege, trygge jobbar i lokalsamfunna rundt. Denne fagkompetansen er og ein viktig faktor for ytterlegare energieffektivisering i alle desse kraftanlegg anlegga.

I den pågåande stortingsvalkampen har fleire raud-grøne parti og LO tatt til orde for at no er det arbeidsfolk sin tur i dette landet. Det som skjer i kraftselskapet BKK i denne samanhengen er det stikk motsette - i praksis rein høgrepolitikk basert på snevre bedriftsøkonomiske kalkyler. Valresultatet har vist at fleirtalet i Vestland og resten av landet ynskjer ein heilt annan politisk kurs.

Difor vil vi i partiet Raudt på det sterkaste oppmode fylkesordføraren, fylkestinget og fylket sin representant i konsernstyret, Anne Gine Hestetun, om å alliere seg med eigarkommunane og dei tillitsvalde i denne saka for å sikre ei strategisk utvikling i selskapet.

Utskiljingsprosessen bør bli nullstilt - og ein prosess for styrt utvikling av produksjons- og vedlikehaldsleddet i BKK må bli etablert. I første omgang må offentleg eigarstyring og eigarmakt bli nytta for å sikre at alle framleis har sin jobb på byggseksjonen i BKK Produksjon. I neste omgang vil det og vere naturleg for det nye Stortinget etter valet å utfordre hovedaksjonør Statkraft sin eigarskapstrategi i BKK i den same leia.

Svar frå fylkesordføraren:

Innleiingsvis understrekar fylkesordførar at premisset for interpellasjonen om at Vestland fylkeskommune sin posisjon i BKK avgrensar seg til ein styreplass. Vlfk er ikkje eigar i BKK.

Spørsmål 1

BKK har som interpellanten kjem inn på i spørsmålet sitt spela ei av hovudrollene i historia om vasskrafta i vår region. Når selskapet skil ut ein kommersiell del av selskapet under namnet Eviny, så representerer dette eit nytt kapittel i denne historia. Det nye selskapet skal no nytte erfaringane og kunnskapane sine i konkurranse med både innanlandske og utanlandske selskap. Det vil by på nye utfordringar for selskapet og dei tilsette, men også store moglegheiter for å veksa i konkurransen i denne marknaden.

Spørsmål 2

Vestland fylkeskommune skal gjennom sin plass i styret i BKK gjere sitt for å sikre at selskapet fortset å levere energi og infrastruktur på ein måte som lever opp til selskapet sitt formål og sikre konkurransekrafta til selskapet. Så understrekar eg at Vestland fylkeskommune ikkje er eigar av BKK, og me har derfor ikkje høve til å binda eigarane i selskapet. Vi skal også saman med dei andre likevel saman med eigarane vere klare på at selskapet skal vere ein god arbeidsgjevar, og jobbe for at selskapet også i framtida skal vere ein av våre viktigaste samarbeidspartnarar i å skape lærlingplassar for ungdom i fylket.

Spørsmål 3

Fylkesordføraren kjenner ikkje til dei opplysingane styret sit inne med som grunnlag for vedtaket.

Spørsmål 4

Det ligg til styret å fatta avgjerda, og dei har den heile kunnskapen som ligg til grunn for vedtaket, og igjen understrekar fylkesordførar at fylkeskommunen ikkje er eigar i BKK.

SI 23/21 Spørsmål frå Stormoen (FrP) - Morgenavgang med Bybanen til Bergen Lufthavn, Flesland

Spørsmål frå Helge Stormoen (FRP)

Morgenavgang med Bybanen til Bergen Lufthavn, Flesland.

Gjennom det siste halvannet året har reiseaktiviteten til og fra Bergen Lufthavn vært på et lavt nivå som følge av restriksjoner i forbindelse med Covid 19.

I takt med den gradvise gjenåpningen av samfunnet, har også antall flybevegelser økt ved lufthavnen.

Med daglige innen- og utenlands flytilbud fra kl 06.00, har reisende og ansatte som har sin arbeidsplass på Bergen lufthavn svært begrenset kollektivtilbud til de første morgenavgangene.

Spørsmål:

Vil Skyss ta initiativ til å etablere morgenavganger med Bybanen fra Bergen sentrum til Bergen Lufthavn, Flesland, slik at reisende og de som har sin arbeidsplass på flyplassen kan benytte Bybanen som kollektivbefordring?

Svar frå fylkesordføraren:

Bybanen kører ut fra depot ca kl. 05, og har første avgang fra Bergen lufthavn kl. 05.11 på kvardagar. Første avgang fra Byparken til flyplassen er dermed kl. 05.45, med ankomst flyplassen kl. 06.28. Dette er uendra fra før pandemien.

På bakgrunn av vurderinger av reisebehov og driftskostnader er det ikke sett som tenleg å starte tilbudet tidlegare, innanfor dei gjeldande økonomiske rammene. Om ein ser til andre byar i Europa er det er ikke uvanleg at det kapasitetssterke tilbudet ikke dekker dei mindre reisestraumane i utkanten av driftsdøgeret. Den korte perioden med opphald av drift på Bybanen om natta har også ein funksjon for vedlikehald av infrastrukturen. Om ein ønskjer å etablere eit rutetilbud i regi av Skyss til flyplassen tidleg morgon kan eit meir kostnadseffektivt alternativ vere eit alternativ med buss.

SI 24/21 Spørsmål frå Tomren (MDG) - Varslingsrutinar på vidaregåande skular

Spørsmål frå Pauline Tomren (MDG)

Spørsmål om varslingsrutiner på vidaregåande skoler i fylket

Vestland fylkeskommune skal vere ein god arbeidsplass for alle tilsette. Dessverre har vi sett i media at det

foregår mobbing av tilsette ved ein av skulane våre, og at handteringa frå fylkeskommunen sin side har svikta.

Det kjem fram i [NRK](#) at fylkeskommunen sitt varslingsutval meiner det er behov for at fylkeskommunen

kvalitetssikrar interne rutinar for handsaming av varsel.

Derfor har eg følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

Korleis følger fylkeskommunen opp anbefalinga frå varslingsutvalet om å kvalitetssikre interne rutinar for å ta imot- og handtere varsel grundig nok?

Svar frå fylkesordføraren:

Fylkesordføraren ha fått opplyst at fylkeskommunedirektøren vil gjennomføre ei heilskapleg evaluering med ekstern bistand, som også vil omfatte gjennomgang av varslingsrutinane, inkl informasjon/opplæring og praktisering av desse. Ellers viser fylkesordføraren til svar på spørsmål frå representanten Terje Kolbotn om varslingsinstituttet i fylkeskommunen.

SI 25/21 Spørsmål frå Kollbotn (R) - om Storebrand som pensjonsleverandør

Spørsmål frå Terje Kollbotn (R)

Skriftlege spørsmål om Storebrand som pensjonsleverandør.

Frå januar 2021 overtok Storebrand som leverandør av tenestepensjonen i fylkeskommunen. I konkurransegrunnlaget til anbodet lå det inne ein klausul om at ansvar for pensjonsrådgjeving vart overført til leverandøren. Dette var ein funksjon som fylkeskommunen tidlegare sto for sjølv, ved ein eigen pensjonsrådgjevar i HR-avdelinga.

Etter byttet til Storebrand som pensjonsleverandør, opplever mange tilsette i fylkeskommunen at pensjonsrådgjevinga er mangelfull. Når ein freistar å finne ut kva ein vil få i tenestepensjon, får ein lite hjelp frå Storebrand, som ikkje viser seg i stand til å kalkulere pensjon på same nivå som den tidlegare leverandøren KLP gjorde.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- 1) Har Storebrand levert det dei skal etter anbudsavtalen?
- 2) Kva vil fylkesordføraren gjere for å sikre at dei tilsette får god nok informasjon om sin framtidige pensjon.

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1

Storebrand overtok som leverandør av tenestepensjon for Vestland fylkeskommune 1. januar 2021 i samsvar med Fylkestinget sitt vedtak 30. september 2020.

Fylkeskommunedirektøren er ikkje kjent med at nokon av VLFK sine pensjonistar ikkje har motteke den pensjonen dei har krav på etter Hovudtariffavtalen i KS området.

Dei negative tilbakemeldingane som er motteke frå tilsette og pensjonistar er hovudsakeleg knytt til manglande høve til å rekne ut eigen pensjon via nettbasert kalkulator. Tilsette må i staden ta direkte kontakt med selskapet per telefon og er avhengige av å nå fram til aktuelle rådgjevarar. Dette har ikkje fungert tilfredsstillande for alle og er noko administrasjonen har teke opp med Storebrand. Det vert opplevd som ein mangel at Storebrand enno ikkje har fått på plass ein slik nettbasert kalkulator. Fylkeskommunen vurderer difor kva sanksjonar som kan vere aktuelle å fremje ovarfor selskapet, t.d. redusert pris.

Spørsmål 2

Administrasjonen har teke opp aktuelle problemstillingar med Storebrand gjennom laupande dialog og faste statusmøte. Det er avtalt hyppigare statusmøte i tida framover og administrasjonen har inntrykk av at Storebrand forstår dei utfordringane som er meldt inn og tek desse på alvor.

Storebrand vil i 2021 og 2022 halde fram med informasjonsmøte og individuell rådgjeving om pensjon for tilsette og ombodsmenn i Vestland fylkeskommune.

I samsvar med Fylkestinget sitt vedtak i saka vil fylkeskommunedirektøren leggje fram ei samla evaluering og tilråding om eventuell utløyning av opsjon for året 2023 til Fylkestinget sitt møte i mars 2022.

SI 26/21 Spørsmål frå Kollbotn (R) - om varslingsinstituttet i fylket

Spørsmål frå Terje Kollbotn (R)

Skriftlege spørsmål om varslingsinstituttet i fylkeskommunen.

I fylgje NRK Vestland sist veke, har Vestland fylkeskommune gjort alvorlege feil i ei varslings sak som gjaldt mobbing, trakassering og fryktkultur på ein vidaregåande skule i fylket.

I staden for å ta varselet på alvor, vart det opna personalsak mot varslaren. Det tok svært lang tid, og fleire varsel vart sendt, før saka vart sendt til Varslingsutvalet. I rapporten frå Varslingsutvalet blir det og peika på at dette er brot på fylket sine etiske retningslinjer om tillit, openheit og takhøgde.

Saka viser at varslingsinstituttet i Vestland fylkeskommune ikkje fungerer slik det skal. Slike saker gjer at mange tilsette vil kvi seg for å varsle om graverande forhold i framtida. Dei kan risikere å sjølv bli straffa for det.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Kva vil fylkesordføraren gjere for å retta opp att tilliten til varslingsinstituttet i fylkeskommunen?

2. Korleis vil fylkesordføraren syte for at framtidige varslarar blir tatt på alvor og ikkje blir straffa på noe vis?

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1

Vestland fylkeskommune er svært oppteken av at alle tilsette i fylkeskommunen skal ha eit godt arbeidsmiljø. Dette har vore og er ei krevjande sak for alle involverte. Sjølv om Varslingsutvalet har gjennomført ei forsvarleg handsaming av saka, vil det alltid vere læringspunkt i slike vanskelege saker. Fylkeskommunedirektøren vil difor gjennomføre ei evaluering av prosessen med ekstern bistand. Dette vil bidra til at tilliten til varslingsinstituttet vert vidareført.

Spørsmål 2

Fokuset er no å få avslutta saka på ein god måte i dialog med involverte partar. Det er sett i gang eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod, både på lokalnivå og fylkesnivå, og det vert arbeidd med tiltak saman med tilsette for å sikre eit godt psykososialt arbeidsmiljø for alle tilsette på skulen. Fylkesordføraren opplever at ein har teke situasjonen på høgste alvor, og at ingen har blitt straffa. Samstundes har fylkesordføraren stor forståing for at det er krevjande for dei involverte å stå i ein slik prosess.

SI 27/21 Spørsmål frå Syversen (R) - innvandrere og minoritetsspråklige sin rett

Spørsmål frå Jeanette Syversen (R)

Grunngitt spørsmål om elever som ikke har fått svar på søknad om opplæring.

En tidligere elev ved Nygård skole har søkt videregående opplæring og tok kontakt med lærere ved skolen. Hun var stresset fordi hun ikke hadde fått svar, og frist for at søker kunne sende svar på tilbud, begynte å nærme seg. Hun har forsøkt å kontakte de videregående lærestedene direkte, men lyktes ikke da de var sommerstengt. Gjennom en tidligere lærer fikk hun et nummer og fikk tak i en rådgiver, saksbehandler eller en fra opplæringskontoret (uklart). Da fikk hun vite at hun ikke hadde fått plass på grunn av at hun hadde søkt sent. Hun hadde ikke søkt etter frist, som var 1. april, hun hadde søkt før. Derimot var det *mange* som hadde søkt i januar. "Søke sent" betyr altså "senere enn andre", ikke "etter søknadsfristen".

Etter at en lærer ble presentert denne saken, har denne læreren også fått en ny elev i et annet kurs som heller ikke har fått plass i videregående opplæring. Fortellingen var det samme: Ingen svar på søknad, ikke mulig å ta kontakt, og etter at sommerferien var over, fikk hun beskjed om at hun hadde søkt sent. "Sent" betyr igjen altså: "senere enn andre", ikke "etter frist". Eleven fortalte at opplæringskontoret hadde sagt at det ikke ble plass på henne, men at de "lovet at hun skulle få neste år".

- 1) Er det lovlig og vanlig praksis å ikke sende svar til søkere som søker innen fristen? Er det lovlig å bruke et "førstemann til mølla"-prinsipp for opptak? Altså å gi plass på grunnlag av *når* man søker, fremfor likebehandling av alle som søker innen fristen?
- 2) Hvor mange elever har søkt og ikke fått svar? Er fylkesordfører enig i at det haster å følge opp elever som sitter i uvisse, med et administrativt tiltak?
- 3) Elever med ungdomsrett eller voksenrett har lovfestet *rett* til videregående opplæring. Hvor mange av de det gjelder har ikke fått svar eller tilbud, hvorfor og i hvilken hjemmel?
- 4) Kan fylkesordfører se at punkt 2 og punkt 3 i vedtak om Vestland fylkeskommune som antirasistisk sone, er relevant for saken, og blir disse fulgt opp på en systematisk måte i administrasjonen for opplæring og integrering?
- 5) Hva vil fylkesordfører gjøre for å sikre at de konkrete elevenes rettigheter spesielt og innvandrere og minoritetsspråklige sine lovfestede rettigheter innen opplæring generelt blir ivarettatt på en god måte?

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1

Forvaltningslova §11a, gjev føringar for forvaltningsorganet og det skal seinast svarast ut innan ein månad etter at søknad er motteke. Alle søkjarar får svar på søknad. Det har i årets søkjarprosess for inntak til vidaregåande opplæring for vaksne ikkje vore gjevne svar til alle søkjarar innan frist.

Vigo vaksen portalen er den portalen dei vaksne søker i.

Portalen registrerer dato den vaksne registrerer seg som brukar i web løysinga, og ikkje datoen søknaden vert sendt til fylkeskommunen.

Søklar kan be om automatisk kvittering på innsendt søknad. Det er ikkje alle søkerane som ber om dette. Fylkeskommunen brukar mykje tid for å rådgje søklar og innhente naudsynt dokumentasjon slik at ein vidare kan ferdigstille søknad og gjere vedtak.

Dette kan og føre til at søklar opplever søknadsprosessen som lang.

Søknadane vert handsama fortløpande for å avklare rettsspørsmål til søklar. I dette skriftlege svaret til søklar vert det gjeve informasjon om rett, omfang av opplæringa og vidare saksgang. Inntaket til vidaregåande opplæring for vaksne vert ikkje gjort før administrativ frist 1.4.

Opplæringsloven § 6-49 gjev prioritert inntaksrekkefølge:

1. Voksenrett
2. Fullføringsrett
3. Dei som ikkje har voksenrett takast inn om det er plass

Spørsmål 2

Vestland fylkeskommune har administrativ frist for innsøking 1.4 Dette for å kunne starte inntaket til skulane etter opplæringslova §6.49. Vaksne kan normalt søka vidaregåande opplæring uavhengig fristane i forskrift til opplæringslova § 6-8j f forskrifta § 6-47

Alle vaksne som har søkt innan 1.4 har fått svar.

5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.»

Jeanette Onarheim Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til innstillinga punkt 1

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument, med følgjande tillegg:

Tillegg strategi på Esport Vestland:

Hovudmål tillegg: Støtte samarbeid på tvers av aktører på Esport- og Gaming feltet i Vestland. Øke kompetanse og sikre gode strategier på hva Esport skal være. Esport og Gaming skal være inkluderende og det skal finnes gode lavterskeltilbud i hele fylket.

1. Aktører innen Esport feltet bør jobbe aktivt på å inkludere på tvers av sosio-økonomiske kår, etnisitet, kultur og kjønn. Dette vil si at de som jobber med dette bør ha en aktiv og tydelig strategi på inkludering og integrering, og ikke minst holdningsarbeid rettet mot u-kulturen, som kalles «Toxicity» innen E-sporten. Dette er noe Vestland fylkeskommune vil vektlegge når det gis støtte til prosjekt.

2. Det stilles krav til universell utforming ved eventuelle tilskuddsordninger. Eksempelvis vil en person i rullestol ha behov for pult som kan reguleres, og ellers fremkommelighet i lokalet som aktiviteten finner sted i. Ved å dekke kostnader knyttet opp til dette vil Vestland Fylkeskommune bidra med å skape en inkluderende arena.

3. Vestland fylkeskommune sine ordninger skal støtte lavterskel åpne møteplasser innen spill og Esport i Vestland, her stilles visse krav til møteplassen dersom de søker støtte fra Vestland Fylke ; 3.1. Møteplassen skal være åpen for alle nivå (sikre bredde). 3.2. Møteplassen må tilrettelegge/ være bevisst på universell utforming i forhold til at alle skal være inkludert. 3.3 Møteplassen må kunne vise til at de aktivt senker terskelen for deltagelse (eks. Gratis/rimelig inngang). 3.4. Møteplassen må befinne seg i fylket Vestland.

4. Jamfør seksjonen om Dataspel og Spellutvikling, samt strategien Spillerom skal Vestland Fylkeskommune støtte opp om tiltak som er med på å heve kompetanse, næringsutvikling og samarbeid på tvers av aktører på feltet. Den norske spillbransjen er fortsatt i en tidlig vekstfase, og for å vokse har bransjen behov for støtte også på et regionalt nivå. Dette kan vi blant annet oppnå med å støtte mer opp om bransjehevende tiltak som Konsoll og Noneda - dette som tillegg til ordningen «Regional Bransjeutvikling innen kulturell- og kreativ næring».

Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument. Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.

2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.

3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.

4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.

5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument. Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.
2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.
3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.
4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Fylkesordfører Jon Askeland (SP) la innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse til grunn for behandling av saka.

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument. Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.
2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.
3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.
4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.
5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

(A) «Tillegg

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument, med følgjande tillegg:
 1. c) Det stilles krav om universell utforming for å motta tilskudd.»

(B) «Tillegg

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument, med følgjande tillegg:
 2. c) og i tråd med kulturdepartementet sin veileder "Møteplasser for dataspill og datakultur".»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Syversen forslag (A) fekk 5 røyster (R, 2 UA (Morten Klementsén, Leif Bjarne Fjellro), 1 FNB (Knut Inge Andersen) og fall.

Syversen sitt forslag (B) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek strategiske aksjonspunkt som ligg ved i eige dokument, med følgjande tillegg:

- 2 c) «og i tråd med kulturdepartementet sin veileder "Møteplasser for dataspill og datakultur»

Aksjonspunkta vil bli evaluert og revidert hausten 2022.

2. Fylkestinget tek til orientering kunnskapsgrunnlag for e-sport og gaming i Vestland som ligg ved som eige dokument. Kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert årleg.

3. Fylkestinget prioriterer arbeidet med oppfølging av strategien i komande budsjetthandsaming.

4. Vestland fylkeskommune sitt engasjement vert dekkja innanfor avdelingane sine budsjett.

5. Vestland fylkeskommune skal jobbe for å utvikle læringsressursar innanfor e-sport tilpassa norsk vidaregåande opplæring. Det skal undersøkast om dette kan gjerast i NDLA, og om det finst tilskotsordningar som kan brukast til å finansiere læringsressursane.

PS 93/21 Nytt namn fagskulen i Vestland

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal heite Fagskulen Vestland.

PS 94/21 Avtale knytt til punkt 8 i Angeravtalen

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner framforhandla avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for terminering av punkt 8 i Angeravtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner framforhandla avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for terminering av punkt 8 i Angeravtalen.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner framforhandla avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for terminering av punkt 8 i Angeravtalen.

PS 95/21 Nye Kvam vgs - Romprogram og sambruk med Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

Nytt punkt 4:

Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.

Nytt punkt 5:

Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på moglegheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke. Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.
4. Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.
5. Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på moglegheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 4

Fylkestinget ber om at vedtaket til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert vektlagt i det vidare arbeidet.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.
2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.
4. Fylkestinget ber om at vedtaket til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert vektlagt i det vidare arbeidet.
5. Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.
6. Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på moglegheitene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek vedlagt funksjonsprogram og romliste for nye Kvam vidaregåande skule innafor ei økonomisk totalramme for prosjektet er 328,6 millionar i 2021- kroner.

2. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga blir prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
3. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å utarbeide avtale med Kvam herad om sameige og sambruk for det nye anlegget.
4. Fylkestinget ber om at vedtaket til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vert vektlagt i det vidare arbeidet.
5. Fylkestinget viser til fylkestingssak 150/20 Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane og ber om at open-skule-prinsippet får ein sentral plass i det vidare arbeidet med romprogram og sambruk med Kvam herad.
6. Fylkestinget er positivt til at Kvam vidaregåande skule og avdeling for opplæring og kompetanse ser på mogleghetene for å knyte skulen enda nærmare til det lokale arbeids- og næringslivet.

PS 96/21 Årsmelding frå elev- og lærlingombodet for skuleåret 2020-2021

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 06.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 08.09.2021

Nina Bognøy (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutval for opplæring og kompetanse 1.kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.»

Avrøysting

Bognøy sitt forslag vart satt opp mot innstillinga og Bognøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse 1. kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse 1. kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingeombodet til orientering.
2. Fylkestinget ber administrasjonen melda tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse 1. kvartal 2022 korleis ombodet sine tilrådingar i årsmeldinga er følgd opp.

PS 97/21 Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo

Forslag til innstilling

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Agnes Hoshovde Bernes
3. Som ny medlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Agnes Hoshovde Bernes
4. Som ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald:
5. Som ny medlem til valnemnda vert vald:
6. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Alfred Bjørlo (V) reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er part i saka. Valnemnda vedtok samrøystes at Bjørlo er inhabil etter fvl. § 6 (1) bokstav a i saka under punkt 1. Bjørlo gjekk frå under behandlinga av punkt 1.

Aleksander Øren Heen (SP) sette fram slikt forslag:

«Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til».

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

«Punkt 3: Geir Kjell Andersland»

«Punkt 4: Val av varamedlem vert utsett»

«Punkt 5: Geir Kjell Andersland»

«Punkt 6: Geir Kjell Andersland»

Avrøysting

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke. Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2.

Bjørlo sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Bjørlo sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Bjørlo sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Bjørlo sitt forslag punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.

2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.
3. Som ny medlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Geir Kjell Andersland.
4. Som ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Val av varamedlem vert utsett.
5. Som ny medlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland.
6. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Geir Kjell Andersland.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, H fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad

Senterpartiet og Høgre vil gjere merksam på at ein i sak om nyval til Fylkesutvalet aktivt omgår lovkravet om 40% kjønnsrepresentasjon ved å først endre saklista slik at ein kan velje eit kvinneleg setjemedlem for ein tidsavgrensa permisjon, for deretter nytte høvet ved at ein har setjemedlem inne som grunnlag for å stette kravet om 40% kjønnsrepresentasjon. Senterpartiet og Høgre er uroa for kva nye prinsipp ein etablerer for ettertida ved å tilpasse seg lova på denne måten.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.
3. Som ny medlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Geir Kjell Andersland.
4. Som ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Val av varamedlem vert utsett.
5. Som ny medlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland.
6. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Geir Kjell Andersland.

Protokollmerknad frå Senterpartiet og Høgre

Senterpartiet og Høgre vil gjere merksam på at ein i sak om nyval til Fylkesutvalet aktivt omgår lovkravet om 40% kjønnsrepresentasjon ved å først endre saklista slik at ein kan velje eit kvinneleg setjemedlem for ein tidsavgrensa permisjon, for deretter nytte høvet ved at ein har setjemedlem inne som grunnlag for å stette kravet om 40% kjønnsrepresentasjon. Senterpartiet og Høgre er uroa for kva nye prinsipp ein etablerer for ettertida ved å tilpasse seg lova på denne måten.

PS 98/21 Søknad om fritak for verv - Torbjørn Vereide

Forslag til innstilling

1. Torbjørn Vereide vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald:
3. Som ny setjemedlem (fram til 1.01.2021) til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Nina Bognøy
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Utvalsleiar Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til».

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Punkt 4: Nina Bognøy»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteke.
Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Torbjørn Vereide vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.
3. Som ny setjemedlem (fram til 1.01.2021) til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Nina Bognøy.
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Nina Bognøy.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Torbjørn Vereide vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.
3. Som ny setjemedlem (fram til 1.01.2021) til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Nina Bognøy.
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Nina Bognøy.

PS 99/21 Søknad om fritak for verv - Linda Merkesdal

Forslag til innstilling

1. Linda Merkesdal vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.

2. Som ny medlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald:

3. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Utvalseiar Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til».

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Val av varamedlem vert utsett»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Linda Merkesdal vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.

2. Som ny medlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.

3. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Val av varamedlem vert utsett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Linda Merkesdal vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.

2. Som ny medlem i hovudutval for samferdsel og mobilitet vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.

3. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Val av varamedlem vert utsett.

PS 100/21 Nominering av ny varamedlem til styret i TH Eigedom AS

Forslag til innstilling:

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som ny varamedlem i styret i THEigedom IKS for perioden 2021-2023:

Personleg varamedlem for Sigurd Reksnes:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Trude Brosvik (KRF) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som ny varamedlem i styret i THEigedom IKS for perioden 2021-2023:

Personleg varamedlem for Sigurd Reksnes: Vigdis Tonning.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som ny varamedlem i styret i THEigedom IKS for perioden 2021-2023:

Personleg varamedlem for Sigurd Reksnes: Vigdis Tonning.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som ny varamedlem i styret i THEigedom IKS for perioden 2021-2023:

Personleg varamedlem for Sigurd Reksnes: Vigdis Tonning.

PS 101/21 Oppnemning av representantar til brukarutvalet på HDS

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val av representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Representant: Vigdis Helene Ravnøy
Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget gjer slikt val av representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Representant: Vigdis Helene Ravnøy
Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Tor Andre Ljosland (KRF) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er gift med strategi- og samhandlingsdirektøren i Haraldsplass Diakonale Sjukehus AS (HDS). Ljosland gjekk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Ljosland ikkje var inhabil. Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget gjer slikt val av representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Representant: Vigdis Helene Ravnøy
Vararepresentant: Martin Monrad Reigstad

PS 102/21 Varig fritak frå verv som styremedlem i stiftinga Vestnorsk kulturakademi. Val av nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk kulturakademi

Forslag til innstilling

1. Atle Ove Marthinussen vert innvilga varig fritak frå vervet som medlem av styret i Vestnorsk Kulturakademi.
2. Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til styret i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden 01.10.2021 - 30.09.2023:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Innstillinga punkt 1 vart ikkje behandla. Dette i tråd med vedlegg til sak sendt ut 28.09.21.

Anne Gine Hestetun (A) sette på vegner av A, SP, MDG, SV, KRF, V fram slikt forslag:

«Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til styret i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden 01.10.2021 - 30.09.2023: Linda Monsen Merkesdal.»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til styret i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden 01.10.2021 - 30.09.2023: Linda Monsen Merkesdal.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Innstillinga punkt 1 vart ikkje behandla. Dette i tråd med vedlegg sendt ut 28.09.21.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til styret i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden 01.10.2021 - 30.09.2023: Linda Monsen Merkesdal.

PS 103/21 Utpeiking av kandidat til styret i organisasjonen Geopark Sunnhordland

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem og varamedlem av styret i Geopark Sunnhordland AS:

Medlem:

Varamedlem:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Trude Brosvik (KRF) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett»

Avrøysting til utsetjing:

Brosvik sitt forslag fekk 8 røyster og vart vedteke mot 7 røyster (H, UA, A, MDG).

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Medlem: Magne Rommetveit»

Silje Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Varamedlem: Gunnar Moland»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem og varamedlem av styret i Geopark Sunnhordland AS:

Medlem: Magne Rommetveit.

Varamedlem: Gunnar Moland.

PS 104/21 Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Festspillene i Bergen

Forslag til innstilling

1. Som ny varamedlem til stiftinga Festspillene i Bergen vert oppnemnd:

Saksprotokoll i valnemnda - 28.09.2021

Silje Ekeland Bjørkly (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er nestleiar i styre i Festspillene i Bergen. **Trym Aafløy (UA)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er varamedlem i Festspillene i Bergen. Valnemnda vedtok samrøystes at Ekeland Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Valnemnda vedtok så samrøystes at Aafløy ikkje var inhabil. Ekeland Bjørkly gjekk frå under behandling av saka.

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

«Som ny varamedlem til stiftinga Festspillene i Bergen vert oppnemnd: Agnes Hoshovde Bernes.»

Avrøysting

Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Som ny varamedlem til stiftinga Festspillene i Bergen vert oppnemnd: Agnes Hoshovde Bernes.

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Silje Ekeland Bjørkly (H) og Stian Jean Opedal Davies (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då dei er styremedlem i Festspillene i Bergen. Ekeland Bjørkly og Opedal Davies gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Ekeland Bjørkly og Opedal Davies var inhabil etter forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Ekeland Bjørkly og Opedal Davies gjekk frå under behandlinga av saka.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Som ny varamedlem til stiftinga Festspillene i Bergen vert oppnemnd: Agnes Hoshovde Bernes.

PS 105/21 Ingen skal måtte fryse

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF, UA fram slikt forslag:

«Alternativ

Ingen skal måtte fryse

Straumprisen har auka kraftig den siste tida, og det er grunn til bekymring for at vi går mot ein vinter der folk med dårleg økonomi kjem til å fryse. Mange frykter for straumrekninga, og sjølv om straumprisane varierer ein god del - både over tid og mellom landsdelar, er det er all grunn til å vente at straumprisen vil ligge på eit høgt nivå gjennom denne vinteren.

Bostøtten har fleire gonger blitt brukt for å lette straumutgiftene for husstander med låge inntekter. Fylkestinget meiner staten må sikre målretta tiltak, bla auka bustøtte, for kompensasjon for den stadig aukande straumprisen»

Terje Søviknes (FRP) sette på vegner av FRP, SP fram slikt forslag:

«Tillegg

I tillegg bør elavgifta, som i 2021 er på 16,69 øre/kWh utan mva, fjernast eller reduserast vesentleg.»

Terje Kollbotn (R) sette på vegner av R, UA fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkesting vil oppmode det nye Stortinget om å vedta naudsynnte endringar for å få ein rimeleg kraftpris både til innbyggjarane og industrien.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 25 røyster (SP, UA, FNB, FRP, PP, R) og fall.

Kollbotn sitt forslag vart vedteke mot 22 røyster (MDG, H, KRF, V).

Vedtak

Ingen skal måtte fryse

Straumprisen har auka kraftig den siste tida, og det er grunn til bekymring for at vi går mot ein vinter der folk med dårleg økonomi kjem til å fryse. Mange frykter for straumrekninga, og sjølv om straumprisane varierer ein god del - både over tid og mellom landsdelar, er det er all grunn til å vente at straumprisen vil ligge på eit høgt nivå gjennom denne vinteren.

Bostøtten har fleire gonger blitt brukt for å lette straumutgiftene for husstander med låge inntekter. Fylkestinget meiner staten må sikre målretta tiltak, bla auka bustøtte, for kompensasjon for den stadig aukande straumprisen.

Vestland fylkesting vil oppmode det nye Stortinget om å vedta naudsynte endringar for å få ein rimeleg kraftpris både til innbyggjarane og industrien.

PS 106/21 Tittel på administrativ leiar

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) sette på vegner av alle parti i fylkestinget fram slikt forslag:

«Det vert vist til sak PS 63/21 Kjønnsnøytrale stillingsnemningar i Vestland fylkeskommune i fylkestinget sitt møte 16.06.21.

Ny tittel på øvste administrative leiar vert: fylkesdirektør.»

Avrøysting

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Det vert vist til sak PS 63/21 Kjønnsnøytrale stillingsnemningar i Vestland fylkeskommune i fylkestinget sitt møte 16.06.21.

Ny tittel på øvste administrative leiar vert: fylkesdirektør.

PS 107/21 Stopp utflagginga

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Nina Bognøy (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho sitt i styret i selskapet Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Bognøy ikkje var inhabil. Bognøy tiltredde saksbehandlinga.

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget i Vestland vil vekte å prioritere samfunnsøkonomiske omsyn i offentlege anbod og anskaffingar, slik at Vestland fylkeskommune kan operere som ein positiv og mektig samfunnsnyttig aktør, for lokalsamfunna ute i distrikta våre. Dette skal også være ein del av Vestland Fylkeskommune sin kommunikasjonsstrategi ut mot næringsaktørar og entreprenørar.»

Frank Willy Djuvik (FRP) sette på vegner av FRP, MDG, SP, KRF, V, A, R, H, SV fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune skal være ein positiv utviklingsaktør, og bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp. Fylkestinget ber om at administrasjonen nyttar handlingsrommet i innkjøpsreglane for å ivareta dette.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 9 røyster (3 UA (Morten Klementsén, Hege N. Dale, Leif Bjarne Fjellro), R, SV) og fall.

Djuvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune skal være ein positiv utviklingsaktør, og bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp. Fylkestinget ber om at administrasjonen nyttar handlingsrommet i innkjøpsreglane for å ivareta dette.

PS 108/21 Stopp nedbemanningprosessen i BKK Produksjon/EVINY - Sats heller på styrt utvikling i kraftselskapet

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Arve Helle (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han har ein nær relasjon til eit av styremedlemene i BKK Produksjon AS. **Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål om ho va inhabil fordi ho er styremedlem i BKK AS. **Silje Ekeland Bjørkly (H)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er vara til styret i BKK AS og har møtt i styremøte.

Helle, Hestetun og Ekeland Bjørkly gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Helle ikkje var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Hestetun og Ekeland Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helles tiltrødde saksbehandlinga medan Hestetun og Ekeland Bjørkly tredde frå.

Det var 63 representantar til stades.

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, V fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkesting er oppteken av beredskapen og forsyningstryggleik til innbyggjarar og næringsliv, og er uroleg for konsekvensane av utskiljing av byggseksjonen i BKK. Det er vesentleg at lokal kunnskap, trygt vedlikehald og rask feilsøking/utbetring ved feil vert ivareteke og ikkje forringa.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, R fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkesting beklagar at fleirtalet i styret i BKK Produksjon har vedtatt å skilje ut byggeseksjonen i kraftselskapet BKK. Fylkestinget vil oppmode fylkesordføraren, eigarkommunane og eigarane til å jobbe for å få oppheva dette vedtaket.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 12 røyster (SV, 3 UA (Hege N. Dale, Morten Klementsén, Leif Bjarne Fjellro), 1 A (Eirik Haga), FNB, R) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 18 røyster (1 UA (Trym Aafløy), FRP, H).

Vedtak

Vestland fylkesting er oppteken av beredskapen og forsyningstryggleik til innbyggjarar og næringsliv, og er uroleg for konsekvensane av utskiljing av byggseksjonen i BKK. Det er vesentleg at lokal kunnskap, trygt vedlikehald og rask feilsøking/utbetring ved feil vert ivareteke og ikkje forringa.